



Arkivnr: 2018/211-1

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Arna vgs. - Ombygging / rehabilitering**Samandrag**

Fylkestinget vedtok i sak 78/2017 ei vidare ombygging av Arna vgs. med ei samla kostnadsramme, inkl. tidlegare utført ombygging, på 60,5 million kroner. Av samla ramme på 60,5 million kroner er 29 million kroner løyvd, slik at det står att å løyve 31,5 million kroner. Fylkesrådmannen rår til at desse midla vert løyvd frå rammeløyving til Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren, som for 2018 er på 75 million kroner.

Økonomi: For 2018 er det løyvd til saman 75 million kroner til Rehabilitering – ombygging – mindre tilbygg i skulesektoren. I denne saka rår ein til at det vært løyvd 31,5 million kroner til fullfinansiering av ombygging / rehabilitering av Arna vgs. Løyvinga er ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 78/2017 kor det var løyvd 20 million kroner til prosjektet, og kostnadsramma vart sett til 51,5 for denne delen, og totalt 60,5 million kroner for heile prosjektet.

Klima: Ei fullføring av prosjektet inneber mellom anna samling av skulen på eit mindre areal, og med litt meir sentral plassering i området.

Folkehelse: Elevane vil få eit betre læringsmiljø enn i dag når tiltaket er fullført.

Regional planstrategi: Ingen kjende effektar i forhold til vedtekne mål i planen

Forslag til innstilling

Budsjettet for 2018 vert endra slik:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 637.020.00	02300	02154	Arna vgs - Ombygging/Rehabilitering	31 500 000	
10 777.021.00	02300	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		31 500 000
				31 500 000	31 500 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.01.2018

Samlokalisering av tilbodet i Arna, til bygget i Vestlivegen, vart behandla og godkjent av fylkestinget i oktober 2017 i sak 78/2017. I Vestlivegen var ein då i sluttfasen med ombygging av areal for media og kommunikasjon. I saka vart samla kostnadsramme for heile ombygginga sett til 60,5 million kroner. Av desse vart 20 million kroner løyvd i den same saka, medan 9 million kroner var løyvd tidlegare ombygging av media og kommunikasjon (byggetrinn 1).

I fylkestingssaka i oktober i 2017 er det mellom anna synt til økonomiske innsparinger ved å samle skulen. Det er og synt til behovet for å få betre tilrettelegging for universell utforming og at ei utbetring av ulike forhold er naudsynt for å få helseverngodkjenning av skulen. Det er synt til at ein forventar betre arbeids- og elevmiljø gjennom ei ombygging og samling av aktivitetane i Arna.

Det som står at er å løyva resterande midlar og fylkesrådmannen rår til at dette vert gjort ved at ein løyver 31,5 million kroner frå 2018 budsjettet til Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving til den posten er 75 million kroner, og dersom denne saka og sak om Sandsli vert vedteke vil ein ha att 9,5 million kroner som ufordelt i 2018.